



Statens vegvesen

Vinje kommune
Vinjevegen 192

3890 Vinje

Behandlende enhet:
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:
Carl Henrik Bjørseth / 40603339

Vår referanse:
25/276621-2

Deres referanse:
2025/1655-25

Vår dato:
27.10.2025

Mindre endring av reguleringsplan for Åmot næringsområde – utviding av industritomt – I14, PlanID 20010005 – Åmot kommune – Høyring

Vi viser til høyringa datert 06.10.2025 med forslag til mindre endring av reguleringsplan for Åmot næringsområde i Vinje kommune.

Saken gjeld

Saken gjeld ei mindre planendring for å leggje til rette for fossilfrie ladestasjonar og kvileplassar for tungtransport på industritomta I14 i reguleringsplan for Åmot næringsområde, plan ID 20010005.

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga.

Vi skal bidra til å følgje opp FNs berekraftsmål retta mot transportsektoren gjennom oppfølgingar av NTP-måla der hovudmålet er eit effektivt, miljøvennleg og trygt transportsystem i 2050. Under er det fem likestilte mål;

- Enklare reisekvardag og auka konkurranse for næringslivet
- Bidra til oppfyljing av Noregs klima- og miljømål
- Nullvisjon for drepne og hardt skadde i trafikken
- Effektiv bruk av ny teknologi
- Meir for pengane

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine egne kulturminne, og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Vårt sektoransvar for

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Kjelleveien 21A
3125 TØNSBERG

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikktryggleik, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Gjennom vårt sektoransvar skal vi bidra til samarbeid mellom aktuelle myndigheiter, næringsliv og innbyggjarane med mål om ei berekraftig utvikling.

Vår rolle i denne saka

Saka berører fleire av ansvarsområda til vegvesenet. Etablering av fleire kvileplassar og ladestasjonar for tunge køyretøy er eit viktig fokus i ny Nasjonal transportplan.

Våre merknadar til forslaget

Vi har ingen merknadar til sjølve endringa i planen, men ønskjer å gjera oppmerksam på nokre forhold omkring bruken av området til døgnavileplass og tungbillading:

Dersom ein kvileplass skal få godkjenning som døgnavileplass med skilt og oppføring i NVDB er det nokre krav som skal vera innfridd ifølgje Handbok N300 Trafikkskilt og Handbok V136 Døgnavileplassar. Det kan og vera andre krav som skal innfriast.

Tiltaket vil venteleg gi noko auka trafikk av tunge køyretøy igjennom krysset mellom E134 Vinjevegen og Fv38 Dalsvegen, og også ein auke i trafikken på fylkesvegen fram til kvileplassen. Vår vurdering er at krysset på normalt føre kan handtere ei slik auke, men på vinterføre kan det vera at det blir behov for forsterka drift enkelte dagar, da med tanke på tunge køyretøy som skal køyre frå fylkesvegen og ut i stigninga på E134 i vestgåande retning.

Når det gjeld fylkesvegen viser me til Telemark fylkeskommune som er vegeigar. Vi vil likevel påpeike at Handbok V136 Døgnavileplassar tilrår at ved lang kviletid (og ladetid) vil mange sjåførar vera interesserte i andre gjeremål enn å berre sova. Ei trygg og tilrettelagd gangmoglegheit til servicetilbod i Åmot er viktig. Det bør også vurderast kva ein kvileplass som medfører auka trafikk av tunge køyretøy vil ha å seia for eventuelle skulebarn og andre mjuke trafikantar som passerer området langs fylkesvegen. Me ser at det ligg ein mindre skibakke rett vest for planområdet, og nokre gardsbruk eit par kilometer lengre syd. Det ser til dømes ikkje ut til å vera noka tilrettelegging for gåande eller belysning sør for Åmot bru. Det kan derfor vera nødvendig med tiltak for å tryggje mjuke trafikantar. Me tilrår derfor at ein ikkje går vidare med planen før dette har vorte vurdert nærare.

Med helsing

Mari Kristine Kallåk
Seksjonsleder

Carl Henrik Bjørseth

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK, Postboks 2076, 3103 TØNSBERG
TELEMARK FYLKESKOMMUNE, Postboks 2844, 3702 SKIEN